


# Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 4 2019 44. årgang



«Oss er ein evig frelsar født.»

Med ynskje om ei fin adventstid, og ei velsigna god jul til alle!



# Gode dydar?

av Stig Ottar Jensen, trusopplærer

*Men engelen sa til dem: «Frykt ikke! Se, jeg forkynner dere en stor glede, en glede for hele folket: 11 I dag er det født dere en frelser i Davids by; han er Messias, Herren.*

Dette er kjente vers fra Lukas 2, det vi kaller juleevangeliet. Engelen sier dette til gjeterne på marken. Det er tre ting jeg vil stanse opp for her:

**Stor glede** – noen var glade over at Jesus ble født; gjeterne, vismennene, Simeon og

Anna i tempelet. Men noen var slett ikke glade – kong Herodes ville drepe barnet. Og for noen gikk livet sin gang uten at de brydde seg. Hvor er du og jeg? Er Jesus vår glede?

**Frelser** – ser jeg at jeg er hjelpelös og helt avhengig av Guds nåde og tilgivelse for å komme til himmelen? Eller tror jeg at jeg er bra nok i meg selv?

**Messias, Herren** – Messias (som er det samme som Kristus) var den som Gud ut



pekte til å være konge. Har vi anerkjent Jesus som vår Herre og Konge.? Det er noe jeg trenger å gjøre hver dag, for jeg har jo ofte lyst til å bestemme selv.

## Mongolsk besøk på julemess

Mange besøkande, fine varer og gode møter. Slik kan ein oppsummere julemess på Aure misjonshus, som var den 16. november. Ørnekubben deltok med song på familiemøtet, og Aure misjonskor deltok med song på avslutningsmøtet. Åshild Sørhus hadde andakt og delte misjonsinformatjon frå Mongolia, der ho og familien har budd og arbeidd. Ho hadde med seg folkedrakter, både frå kasakane og frå mongolane. I år var det Norsk Luthersk Misjonssamband som arrangerte julemess. Totalt kom den inn kring 120.000 kroner på julemess, medrekna lotteriet.

Takk til alle som bidrog med baking, handarbeid, loddosal, takk til alle som kjøpte lodd og alle som bidrog denne dagen.



Ruth Gjerde intervjuar Åshild Sørhus (i midten), saman med hennar lokale medhjelparar.



## JULEKONSERT AURE KYRKJE

SØNDAG 22.DESEMBER 2019

KL 15:00

Ørnekubben barnekor – Ane Stavnes Borochstein - Alex Kurbanov –

Arti Laell – Aure Misjonskor - De glade musikanter -Kor i all verden –

Aure Songlag



Velkommen til musikalsk førjulsstemning

Ingen inngangsbillett - Det blir kollekt ved benkene

Arr.: Aure Songlag

# Min salme

## Jeg velger meg *Glade Jul*

Mor sang den sammen med min søster og meg da vi var små og jula nærmet seg, og vi sang den på juletrefestene også, selvfolgelig.

Har sunget den i kor "i alle år" og i de siste årene i "storkoret" som Aure Songlag arrangerer før jul hvert år. Da synger vi den åttestemt, eller som Ivar Vik sa: "Storgladejul"!

DA er den gode julestemninga på plass i kropp og sjel.

Aud Vikan

## Glade jul

Tekst: B. S. Ingemann (1850)

Melodi: Franz Xaver Gruber

Glade jul, hellige jul!  
Engler daler ned i skjul.  
Hit de flyver med paradis grønt,  
hvor de ser hva for Gud er skjønt.  
Lønnlig i blant oss de går.

Julefryd, evig fryd,  
hellig sang med himmelsk lyd!  
Det er engler som hyrdene så,



dengang Herren i krybben lå.  
Evig er englenes sang.

Fred på jord, fryd på jord,  
Jesusbarnet i blant oss bor.  
Engler synger om barnet så smukt,  
han har himmeriks dør opplukt.  
Salig er englenes sang.

Salig fred, himmelsk fred,  
toner julenatt her ned.  
Engler bringer til store og små  
bud om ham som i krybben lå.  
Fryd deg hver sjel han har frelst!

## Ny flott messehakel

13. oktober vart endeleg ny messehakel presentert i Aure kyrkje. Som vi skrev i føre blad, er det Anne Botten Stokke som har laga messehakelen. I det intervjuet forklarte ho noko av symbolikken i hakelen.

- Ein kan ikkje vere altfor oppfinnsam når ein teiknar ein messehakel, seier Anne med ein smil. Ho siktar til at ein messehakel har eit symbolspråk. Både fargane og figurane skal seie oss noko. Den fiolette fargen står for førebuing, bot og sorg. Derfor brukar presten den fiolette messehakelen på bots- og bønedagen, i adventstida og i fasta. Det finst reglar for symbolbruken.

Anne opplever ikkje dette som ei tvangstrøye. Tvert imot, det er eit spennande og artig arbeid, seier ho.



# Diakoniutval og diakoniarbeid

Heilt sidan kommunesamslåinga har Aure, Stemshaug og Tustna hatt eit felles diakoniutval og ei felles diakoniplan, med lokale tilpassingar. Det har vore skrive mykje i Menighetsbladet om Estlandsarbeidet, men denne gongen vil vi setje fokus på andre ting som medlemmane i diakoniutvalet er engasjerte i.

Nyleg har vi feira Helgemesse, og vi har hatt ein lang tradisjon med å sende ein spesiell invitasjon til alle som har mista nokon sidan siste Helgemesse. Det har vore tradisjon for å feire gudsteneste i alle tre kyrkjene denne dagen, og folk frå diakoniutvalet står ved utgangen og deler ut roser til alle som er frammøtt.

Vi er på full fart inn i adventstida, og snart skal vi feire jul att. For mange blir ikkje jula den same som i fjor, ein plass er tom ved bordet. Diakoniutvalet tenkjer på desse og vil komme på besøk med julestjerne eller annan juleplante. Det har vore mange trivlege besøk og gode samtalar oppgjennom åra, det håper vi på i år også!

På Tustna har dei hatt tradisjon for å besøke dei som har fylt "rundt" år siste kalenderåret, og Helselaget har teke seg av besøk til pårørende etter dødsfall. Vi har fått mange takknemlege tilbakemeldingar etter slike besøk i alle sokn.

Men folk set pris på besøk elles i året også, og da er det spesielt institusjonsbesøk som blir prioritert. På Tustna er det omsorgsbustadene som får besøk frå diakoniutvalet. Da blir gjerne dei som bur på Leira inviterte med til Gullstein, og medlemmane i utvalet diskar opp med kaffe og kaker på stua. Praten går livleg ved borda, og minne frå gamle dagar blir delt. Andakt og song er faste innslag når diakoniutvalet kjem på besøk, elles kan det vere bilde på stor-skjerm eller opplesing av forskjellige slag.

På Aure er det Solbakken og Sjukeheimen som får besøk. Både der og på Tustna har diakoniutvalet vore så heldige å få med seg forsterkningar, Morten Arve og Torbjørn Gjerde, Arne Mastad, Asbjørn Barlaup, Peder Hønsvik, Johannes Finset m.fl. Dei



siste åra har ein lagt opp til to besøk i halvåret på kvar av desse plassane. I tillegg kjem besøk av prest og organist, der frekvensen har variert litt frå år til år. Diakoniutvalet har eit viktig oppdrag, dei utfører ikkje mindre enn kyrkjå si omsorgsteneste.

Dette er visjonen for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja (henta frå Plan for diakoni):

*Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.*

Tekst: Anne Bjørnholm

## JUBILEUMSKONSERT I GULLSTEIN KIRKE

I anledning 150-årsjubileet til Gullstein kirke, inviterte Tustna menighetsråd til jubileumskonsert 10.november. Dyktige, lokale aktører bidro til en flott og stemningsfylt markering. De fremmøtte kunne nyte både folketoner, salme- og lovsang, korpsmusikk, en felles salme av den lokale tekstskskriven Martin Halsbog, klassiske toner og en prolog skrevet i anledning 150-årsjubileet.

Menigheten på Tustna har alltid samarbeidet med omkringliggende sogn, og da passet det godt at også denne markeringen inneholdt spennende samarbeid mellom musikantene fra Tustna og Aure og flott sang fra Aure misjonskor. Olav Skarset, Marius Jektvik og Alex Kurbanov tryllte fram spenstige toner. Trekløveret fikk også selskap av fin sang ved Hilde Sagvik og flott gitarspill og sang av Liddvar Hannasvik. Tustna skolemusikk er også virkelig verdt å legge merke til. Anne Elise Tunheim fremførte sin selvkrevne prolog, som så fint rammer inn jubileet i lys av kirkeåret og hvordan kirkja spiller en viktig rolle i livet. Konserten ble avsluttet med den kjente amerikanske folketonen *Amazing grace*, fremført av de unge Strobel-søstrene fra Tustna. Musikantene imponerte med sitt flotte

trompetspill, og med stemningsfull koring av Aure misjonskor ble dette virkelig en flott avslutning denne novemberdagene.

Som menighetsrådsleder vil jeg benytte anledningen til å takke for året som snart er omme, og si til lykke med det nye kirkeåret som allerede er begynt. Jubileumsåret 2019 har vært en fin avslutning på fireårsperioden vår som menighetsråd, og har vært en hyggelig anledning til å gjøre litt ekstra stas på kirkja vår. I tråd med det kirkja *egentlig* er, nemlig Guds menighet, vil jeg hilse deg med budskapet fra *Amazing grace*. Nåden er virkelig, den er gratis, og den er din.

Du er varmt velkommen til å ta imot.

Tekst og foto:  
Menighetsrådsleder Ingrid Aukan



Marius Jektvik, Hilde Sagvik Olav Skarset.



# Rom for morskjærleik

(Sitat givarbrev: *Sjølv fekk eg ikkje utdanning, men har eit stort håp for dottera mi*)

**Som ein oase midt i det kaotiske sjukehuset, ligg eit lite rom med sengeplass til seks nybakte mødrer. Der får dei ro, hjelp og kvile. Og kanskje augekontakt med babyen sin for aller første gong.**

Tekst: Anette Torjusen Foto: Håvard Bjelland

Vi ser den vesle bylten med ein gong. I eit mjukt blått teppe mot den glisne plastmadrassen på senga av stål. Ein dag gamal. Mora sitter bøygd over jenta si, og blir liksom aldri ferdig med å stirre. Små grynt, nokre få rørsler med hendene, før søvnen igjen tar overtak. Det er roleg, stille og berre mumling i rommet. Opnar vi døra, ser vi eit folkehav av travle legar, pasientar og pårørande.



## Viktig å følgje dei opp

Det er ikkje så rart at alle spring, for sjukehuset Melka Oda i Shasamane skal gi helsehjelp til 400.000 menneske. På for liten plass og med for få tilsette. Men eit problem er løyst, og det er kor dei skal gjere av nybakte mødrer. For det var ei skikkeleg nøtt. Det var ingen ledige rom nokon stad på sjukehuset. Løysinga vart eit heilt nytt bygg midt på gardsplassen. Ikkje stort, men akkurat passe. Med støtte frå Kirkens Nødhjelp og samarbeidspartner Tamra.

- For to år sidan hadde ikkje kvinnene som skulle føde eller hadde født, nokon stad å vere på sjukehuset. Men takka vere samarbeidet har vi no dette rommet. Det er i bruk heile døgnet, seier doktor Hawi Kidanu.

Berre i august i år vart det fødd 500 babyar ved sjukehuset.

- Det er så utruleg viktig at vi kan følgje dei opp etter fødselen. Slik at dei kjem i gang med amminga, får gitt barna vaksiner og den helsehjelpa dei treng, forklarar ho.

Sidan pågangen er så stor, kan dei berre vere der i 24 timer etter fødsel.

- Vi skulle gjerne hatt dei der lenger, men vi får gjort mykje på 24 timer. Ikkje minst fortalt dei om at vi har helsestasjon og tett oppfølging av mor og barn på sjukehuset.

## En helt ny start

Omrinda av mor og søster, ligg 20 år gamle Fatoma Fayasa i ei av dei seks sengene. Sjølv om det korkje er laken eller pute på plastmadrassen, har familien sørgja for at ho ligg godt og mjukt.

Hun skulle eigentleg føde på ein klinik i landsbyen der ho bur, men ein dag gamle Caaltuu hadde ingen planar om å vente. Under eit besøk hos søstera i Shashamane, byrja plutselig fødselen. Då bar det rett til nærmeste sjukehus. For 46 kilometer vart for langt å reise på humpete vegar.

- Eg var veldig spent på korleis det skulle gå, sidan dette er det første barnet mitt, men det gjekk så fint, smilar ho.

Mange på hennar alder har allereie fleire barn, men sjølv har ho vore nøyne med preventsjon.

- No passa det bra med barn. No var vi klare for å starte ein familie, seier Fatoma, som jobbar som bonde.

Tre svangerskapskontrollar har ho vore på. Ho har vore nøyne med det for å ta vare på si eiga helse og babyen i magen.

No nyt ho den første dagen som mor på sjukehuset.

- Dei tilsette på sjukehuset har vore heilt fantastiske mot meg. Dei har passa på både meg og babyen min her i dette rommet. Eg har kjent meg trygg heile tida.

Ho trekk fram den første natta som spesielt viktig. For det er ikkje så enkelt å kome i gang med amminga heilt åleine.

- Eg er så glad for at eg fekk vere her med dottera mi.

Fatoma har store draumar for Caaltuu, for ho har ikkje lang skolegang sjølv. Berre fire år.

- Sjølv fekk eg ikkje utdanning, men har ei stort håp for dottera mi. Eg har alltid ønska meg meir utdanning og ville bli lege, men måtte arbeide på garden. Eg synest det er så morosamt å lære.

No er ho mor for aller første gong, og seier ho har fått tru på ei annleis framtid.

- Det å ha fått ei dotter, betyr ein heilt ny start.

## Slik gir du årets viktigaste julegåve:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gi 200 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248



Her på sjukehuset i Shashamene i Etiopia, er eit av venteromma som blir støttet av Kirkens Nødhjelp. Sidan sjukehuset er så fullt, blir venterommet brukt til barselavdeling.

# Hei til alle som kan lese (og de som ikke kan lese selv kan få noen til å lese høyt for seg).

Bibelen forteller hvordan Gud sendte Jesus til jorden for at vi mennesker skulle komme tilbake til Han. Nå er det snart jul og da feirer vi at Jesus ble født. Vi som jobber med barn og unge i kirken vet at det er viktig at en får høre evangeliet mens en er ung.

## Haloven

Den 31. oktober ble det arrangert Halovenn i Aure Arena og Leira bedehus. Det var godt oppmøte begge plasser, 135 og 42 betalende unge. I tillegg var vi en del voksne og elever fra 10. klassene på Abus og Sør-Tustna skole. Det var fullt kjør hele kvelden med aktiviteter og pølser og godteri. Og så tror vi at de fikk med seg budskapet fra Jesus: Behandle andre som du selv vil bli behandlet. Med så mange deltagere kan det være nødvendig å tenke ut flere aktiviteter til neste år. Bare kom med forslag! Halovenn har mange gode sponsorer, disse er viktig for å opprettholde arrangementet. Tusen takk sponsorene.

## Lys våken

Vi arrangerte Lys våken 16-17 november med overnatting i kirken. 14 unge i alder 11-12 år deltok og de fleste overnattet. Vi malte navneskilt, vi hadde konkurranser med bibelvers, bilder (er ikke det der presten da?), Kjell og Alexey demonstrerte kirkeklokkene og orgelet. Vi brukte raudstua i prestegården som spiserom. Før leggetid hadde vi en korssamling med telys i et trekors. Det ble litt skravling etter leggetid men det roet seg etter hvert. På gudstjenesten søndagen leste noen av deltakerne bibeltekster om Jesus som den gode gjeter og vi som sauene hans. Vi satser på å ha lys våken i 2020 også.

## Babysang

Den 14. november arrangerte vi babysang sammen med frivilighetssentralen og Aure sjukeheim. 8 barn med foreldre var til stede sammen med noen av beboerne på heimen. Jeg har aldri før vært på et møte med så stor aldersspredning, 8 uker til 103 år. Det var en fin samling der vi spilte av barnesanger, mange med bevegelser. De eldre fikk også hilse på de små og det satte de tydelig pris på. Neste babysang blir 12. desember kl 11 på sjukeheimen og etter jul tenker vi å ha det annenhver torsdag. Vi hadde utdeling av Min kirkebok til 4 åringer og til sammen 15 fikk bok i de tre kirkene. Til neste år ønsker vi å dele ut kirkeboka til 2- og 6-åringer også, sannsynligvis tidlig på året.

Vi fikk dessverre ikke tid til kirkekino nå i førjulstida. Vi skal prøve å få det til i løpet av januar/februar.

Takk til alle sponsorar

Hilsen trusopplærar Stig Ottar Jensen



**SJØSIDEN**  
FRISØR  
**Bente L.  
Kristiansen Istad**  
Mjosundet  
**Telefon 716 46 720**

**H. Aukan**  
**Regnskapskontor AS**  
Tlf 71 64 40 40 - 6698 Lesund  
Økonomisk rådgivning –  
Regnskapsføring  
Skattespørsmål  
VI HJELPER DEG!!

### Vi arrangerer

- \* Barned p
- \* Konfirmasjon
- \* Bryllaup
- \* Bursdager
- \* Minnesamv r
- \* Catering



Døgnvakt tlf.:  
**72 45 25 37**  
www.bertelsen-bgr.no

VIRKE GRAVFERD

#### Gravmonumenter

Gratis montering m/garanti



Kontakt:

**Bertelsen Stein & Spylderservice**  
v/Ola Bertelsen - Tlf. 417 70 510

#### Vi utfører også

- Oppussing og navnetilføyelser
- Vask/rengjøring av monument
- Omslipping av stein
- Opprettiging av stein/sokkel
- Montering av lykter/duer/vaser/bilder
- Montering av bedrammer
- Fjerning av gammel stein

Benkplater i stein

Spyling av hustak og husvegger

**COOP**  
vikhals  
Dagligvarer, bensin, diesel  
6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45



### Nordvest Elektro A/S

6699 Kjørsvikbugen

Telefon 908 94 402

### DIN LOKALE TUROPERATØR

Arrangør av bussturer innen- og utenlands

- SPA-turer til Estland
- Pensjonisturer
- Skoleturer
- Andre lag og foreninger
- Agent for Hurtigruten



6690 AURE  
71 64 66 56 – 917 10 394 [www.aure-reiseservice.no](http://www.aure-reiseservice.no)

**BUNNPRIS**  
**Aure**  
**09 - 22 (20)**  
**Tlf 71 64 62 70**

**BYGGtorget**  
BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

### Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen  
og Hyttemenyen

#### Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.  
Varebring etter avtale.

Åpningstider:  
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00  
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,  
6699 Kjørsvikbugen  
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21  
E-post: [byggvarehuset@c2i.net](mailto:byggvarehuset@c2i.net)

### Skipnes Mek. Verksted AS

6697 Vihals  
Tlf 71 64 56 41  
Faks 71 64 56 67



**Blomster og gaver  
i Aure!**

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

Vi leverer alt til  
begravelsel i  
Aure og  
Stemshaug.  
Frakt kr 50,-

ÅPENT  
ma-to 10-17  
Fre 10-18  
Lør 10-15

Velkommen til Vihals  
**Flora Idé AS**

– Jørjan Ulfnes-Skar –  
gartner og dekoratør  
Tlf 716 46 500 – 926 81 668



# Kaffepraten med rådmann Håvard Sagli

Ute er det mørk morgen enno, og slåregnet vaskar vekk snøen og avdekker ishålka på vegane, så ein lyt trø forsiktig for ikkje å ramle og beinbryte seg. Men er ein fyrst kome heilskinna inn dørene til rådhuset, er det lyst og triveleg og tett opp til julestemning. I ein liten krok utanfor kontoret til rådmannen tek han og ordførar Hanne Berit, saman med «Ivar Skrivar», ein rask morgonkaffe med eit småbrød til, pluss minst eit par gode replikkar frå kvar, før dagen startar for alvor.



Og kvar er kontoret til rådmannen? Berre følg skiltet, det er teikna av Ane, yngste dotter til ordføraren. Det ynskjer fargerikt velkommen og dekker over det gamle skiltet, der det står «Trygdesjef». Rådmannen og den utsende frå Menighetsbladet tek med kaffekoppene inn dit og er snart inne i ein god prat om laust og ein god del fast.

## Heime og heimafrå

Håvard Sagli er fødd i 1965 og trødde barneskorne i Fræna saman med ei søster og to brør, før dei kom til Aure i -74. Det var fint å kome til Aure, ei god og trygg bygd å vekse opp i, seier Håvard. Det er berre fem og eit halvt år mellom den eldste og den yngste av søskena, og det var ofte livleg i heimen.

Håvard utdanna seg innan økonomi ved Handelsakademiet og er ein av nokså få i kongeriket som ber tittelen «Handelsøkonom», no endra til «Siviløkonom.» Første jobben hadde han i Norges Naturvernforbund, før han fekk arbeid som økonomikonsulent i Oslo kommune, i same bydel som vår tidlegare rådmann, Martin Olav Folde, arbeidde før han kom heim att til Aure.

## Heimatt til Aure

- I 1997 ringde Stein Brage (Raanes) og ville at eg skulle söke jobb i Aure Sparebank, og der fekk eg ti gode år. Eg var også kommunalsjef i fem-seks månader. Og så kom engasjementet i Toppidrettsveka i 2005 saman med Harald Fladseth, der var eg engasjert i fleire år, frå 2008 til 2017 i full tid. Ikkje så unaturleg det, Håvard er sportsmann ut i fingerspissane. Og det er særleg løping som har vore idretten. Som småbarnsfar var han ofte å sjå i lett jogg med innhaldsrik sportsbarnevogn framom. Han er faktisk midtnorsk meister på 800-meter – «det hardaste eg har å slå i bordet med», og med betre pers



enn sjølvaste Erik Vullum. Og saman med Harald Fladseth og Ogndal IL vann han veteranklassen i Holmenkollstafetten eit år.

## Rådmannen

-Rådmannsjobben? Nei, det var kanskje litt tilfeldig. Eg hadde eigentleg tenkt på å utvikle Toppidrettsveka vidare. Men det kom ein og kakka meg på skuldra og ba meg söke på denne jobben. Og eg hadde lyst på utfordringa. Eg må ha ein indre drive for å stå i eit arbeid. Det er sjølv sagt tøft, og ein rådmann må av og til kome med upopulære forslag, vi står i store utfordringar med effektivisering og nedskjæringer. Aure er kjent for å ha gode tenester for innbyggjarane sine, og i omstillingsarbeidet er kunsten å ta vare på kvaliteten. Men samarbeidet her på rådhuset er godt, både med dei tilsette og med politikarane, understrekar Håvard.

## Jul

Mykje å gjøre framleis fram mot jul, men så er det nokre dagar pause og familieliv. Julematen i heimen var og er pinnekjøt, den skikken hadde mor Anne Mari med seg frå barndomsheimen på Veblungsnes, kan Håvard fortelje.

– Elles må eg seie at eg set veldig pris på dei gode kristne tradisjonane vi har, dei må vi ta vare på. Favorittjulesalme? Ja, eg er særleg glad i to salmar av Trygve Hoff: «Nordnorsk julesalme» og «Et lys imot mørketida.» Dei gjev meg mykje.



Tekst og foto: Asbjørn Barlaup.

# TAKK TIL GAMLE SOKNERÅD

Ein soknerådsperiode er over og vi vil gjerne overbringe ein stor takk. Perioden er på fire år, og det høyrest lenge ut før ein startar. Men ser ein på tida som har gått, så er det slett ikkje lang tid. De tok over stafettpinnen 1. november i 2019, og for mange var dette «nytt land», medan somme hadde vore i soknerådet tidlegare. Det første året går ofte med til å gjere seg kjent med oppgåvene og finne «sin» plass. Mykje av soknerådsarbeidet skjer i dei forskjellige utvala, og det er sanneleg ikkje lite de har fått gjort desse fire åra, noko av dette vil vi nemne.

- **Diakoniutvalet** har mange oppgåver, her vil vi nemne det flotte engasjementet de har vist i Estlandsarbeidet. Det er ikkje få dugnadstimar som har vorte lagt ned for å selje lodd og samle inn klede som skulle sendast til trengande i Estland. Mange av dykk har også vore med til Estland og sett det store arbeidet som blir gjort i den kyrkjelyden vi har opprettet kontakt med. Vidare har de også gjort ein fin innsats på allehelgensdag og vore med på å dele ut blomster til pårørande fram mot jul.
- **Gudstenesteutvalet** har hatt ein roleg periode de siste fire åra.
- **Konfirmantutvalet** har vore med og planlagt arrangement som konfirmantane er med på utanfor sjølve undervisninga. Og der er nok den årlege pilegrimsturen på hausten det største arbeidet.
- **Kyrkjekaffenemndene** som har sørga for kaffe og kaker til mange gudstenester og andre arrangement.
- **Kyrkjemusikalsk utval** har jobba for å få song- og musikkinnslag i enkelte gudstenester, tillegg til at dei har sørga for å få til konserter og songkveldar i alle tre kyrkjene. Dette utvalet har hatt mange møte og mykje planlegging.
- **Menighetsbladet** der redaksjonen består av representantar frå alle tre sokn. Fire blad har vorte utgjeve kvart år, bladet er både fint og informativt!
- **Trusopplæringsutvalet** Dei som har vore med i utvalet, har hjelpt til å finne ut kva vi skal satse på for dei forskjellige aldersgruppene, og dei har vore konstruktive vegglearar for trusopplæraren

TAKK for at de har bruka av fritida dykker desse fire åra! Takk for positiv velvilje! Takk for oppmuntring til oss i administrasjonen! Takk for det gode samarbeidet! Takk til kvar enkelt, og spesielt takk til leiarane Marit Berg/Øystein Barlaup, Ingrid Aukan og Kåre Johansson.

Helsing frå oss på kyrkjekontoret



## Et Lys imot mørketida

Det kvile ei natt over landet i nord,  
Husan e små der kor menneskan bor.  
Men tida e travel i karrige kår,  
rokken han svive og vevstolen går  
Det leve i løa, i naustet og smia  
Et lys, et lys, et lys imot mørketida

Snøen ligg tung over frossen jord  
ute står mørket om fjell og om fjord  
vår herre gir livberging, sørmat og sul  
når døgnan sig fram imot advent og jul  
så støpe vi lys midt i hardaste ria  
et lys, et lys, et lys imot mørke tida

Dagen e borte og natta e stor  
men i mørketidslandet skal høres et ord  
ei sol som skal snu så det bære mot dag  
om folk som skal samles til helg og til lag  
på veien mot Betlehem bære Maria  
et lys, et lys, et lys imot mørketida

Trygve Hoff

## Juletrefestar



### 2. juledag klokka 16

**Skarsgrenda bedehus. Juletregang, andakt, sang, opplesing, pakke til barna.**  
Arr. Tirsdagsklubben.

**2. juledag klokka 16, Sør-Tustna bedehus. Juletregang og tradisjonelt program.**  
Arr. Bedehuset

### 4. juledag klokka 16

**Kjørsvikbugen bedehus. Andakt, gång rundt juletreeet, leikar, mat, kaffe**

### 5. juledag klokka 16

**Aure Misjonshus. Andakt, gång rundt juletreeet, leikar, mat, kaffe, brus og loddosal.** Arr. Misjonshuslaget

### 12. juledag

**Leira bedehus**

**Juletregang og tradisjonelt program.** Arr. Bedehuset



# Livets gang

## Aure kyrkje

### Døypte:

- 13.10. Kristian Wigum Hagen
- 17.11. Jonathan Torsetnes Steen
- 17.11. Olise Sæter Gridsvåg
- 17.11. John Ángel Skoglund Branco

### Døde:

- 18.10. Halvard Eliseus Djupvik f. 1959
- 31.10. Martin Vaage f. 1938
- 03.12. Brit Torlaug Vean f. 1946
- 04.12. Marie Lie f. 1923

## Gullstein kirke

### Døpte:

- 20.10. Mia Aleksandra Langholm

### Vigde

- 08.11. Svitlana Tureiska og Jan-Erik Stabben

### Døde:

- 16.10. Jarle Ingvard Edvardsen f. 1953

## Stemshaug kyrkje

### Døypte:

- 10.11. Ellinor Fahsing Fævelen

### Vigde

- 01.11. Helen og Morten Sæther-Aarvåg



Nordahl og Liv Finset Ingvaldsen vart døypte i Stemshaug kyrkje 29. september.

**ØYVILT**  
6694 Foldfjorden  
TLF: 915 75 803

**Vilt-Fisk-Fiskemat**

**Ring oss på**  
**481 57 263 / 915 75 803**  
**for en hyggelig prat.**

Vi tilbyr catering til alle anledninger

- Dåp
- Konfirmasjon
- Minnesamvær
- Bryllup
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; koldtbord, tapas, snitter, varmretter og desserter.

## Aure, Stemshaug og Tustna sokn

**Adresse:** 6690 Aure  
post@aurekyrkje.no

**Sokneprest:**  
Per Eilert Orten: 908 94 398

### Kyrkjekontoret, Aure

Tlf: 71646251

Kontortid:

Ty-, to-, og fredag

kl 0900-1300

[www.aurekyrkje.no](http://www.aurekyrkje.no)

### Telefonar:

Kyrkjeverje:

Judith Bjørk: 924 35 280

Organist:

Alexey Kurbanov: 924 30 113

Kyrkjetenar/

kyrkjegardsarbeidar, Aure

Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835

Kirketjener, Kirkegårdssarbeider Tustna

Roger Steen

468 62 240

### Kyrkjelydsarbeidar:

Judy Rangnes 957 01 908

Sekretærar/konfirmantlærar

Stig Ottar Jensen

479 75 472

Ansvarleg for trusopplæringa

Stig Ottar Jensen

479 75 472

### Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410

Asbjørn Barlaup: 482 37 889

Menighetsbladet kontonr.  
4068.30.04415

### Trykk:

Orkla Grafiske AS

Tlf. 72 48 23 20

E-post:

[ole-kristian@orklagrafiske.no](mailto:ole-kristian@orklagrafiske.no)

[www.orklagrafiske.no](http://www.orklagrafiske.no)



# Gudstenester

Med etterhald om endringar  
– følg med i aviser og oppslag

Dag i kyrkjeåret:	AURE	STEMSHAUG	TUSTNA
15. desember		Nordlandet grendahus, Familiegudsteneste, Kl.11.00	
24. desember	Familiegudstjeneste Kl. 15.00		Familiegudstjenste Kl. 13.00
25. desember	Høgtidsgudstjeneste, Kl. 11.00	Høgtidsgudtjeneste, Kl. 16.00	
01. januar			Sør-Tustna bedehus Kl. 16.00
12. januar			Gullstein kirke Kl. 11.00
19. januar	Aure kyrkje Kl. 11.00		
26. januar		Stemshaug kyrkje Kl. 11.00	
2. februar	Messefall	Messefall	Messefall
9. februar			Høgmesse kl.11.00 Nattverd
16. februar	Høgmesse kl.11.00 Nattverd		
23. februar		Høgmesse kl.11.00 Nattverd	
1. mars	Messefall	Messefall	Messefall
8. mars	Familiegudsteneste kl. 11.00 Årsmøte, Konfirmantane møter, Kyrkjekaffe, 5.klasse får bibel		
16. mars		Familiegudsteneste kl. 11.00 Årsmøte, Konfirmantane møter, Kyrkjekaffe, 5.klasse får bibel	
22. mars			Familiegudsteneste kl. 11.00 Årsmøte, Konfirmantane møter, Kyrkjekaffe, 5.klasse får bibel
29. mars	Messefall	Messefall	Messefall



**Returadresse:**  
Tustna, Aure og  
Stemshaug  
Menighetsblad  
6690 Aure



# BARNAS SIDE

## Finn fem feil!

Ein engel viste seg for Josef i ein draum. Den fortalte Josef at barnet i magen til Maria var Guds son.

Teikning: Alessandro Cappai



## Fargelegg!

Jesus vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning: Francesca De Luca

## Finn vegen til stjerna!

Finn du vegen  
frå trestammen  
og heilt opp  
til stjerna i  
toppen av  
juletreet?



Gje barnebladet  
**Barnas til eit barn**  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [Sondagsskolen.no](http://Sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## Vitsar

– Kan eg få hund til jul, pappa?  
– Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

– Kvifor sit du i fengsel?  
– Eg starta julehandelen litt for tidleg.  
– Ein kjem vel ikkje i fengsel for det?  
– Dersom ein startar før butikkane  
opnar, så ...